

Smittesaneringsprosjektet 

FRISKERE GEITER

Saneringsnytt 1 – 2003

Kjære prosjektdeltakar.

Godt nytt år!

I året som ligg bak oss fekk vi gjort mykje for å betre helsetilstanden hjå geit her i landet. Det viktigaste arbeidet er det de som gjer. De gjer det kvar dag når de er i fjøset og steller og ser til dyra dykkar. Det er eit arbeid som ikkje er gjort på ei lita tid, og det krev forståing og tålmod. Vi som står litt på sidelina er svært imponert over det de får til, og den optimismen de viser.

Det vi andre kan gjera, er å vera støttespelarar og koma med gode råd undervegs, og hjelp med analyser av prøver. Dette er sjølvsagt heilt nødvendig, og vi skal ikkje gjera den innsatsen til noko mindre enn den er, men det er likevel de som er dei viktigaste aktørane i dette samspelet.

Vi må i året som kjem prøva å samla oss endå meir til innsats. Det fyrste vi heilt konkret vil gjera, er å samle alle veterinærane i prosjektet til fagseminar på Veterinærinstituttet i februar. Der vil vi få foredrag av leiar for smittesanering i Sveits, frå ekspertar på CAE, byllesjuke og paratuberkulose i Noreg. Vi vil også diskutere korleis vi skal tolke analysesvar, noko som ikkje er heilt lett å forstå mange gonger. Til slutt vil vi få i gang ein diskusjon mellom seminardeltakarane om korleis vi skal gå vidare. Kva skal til for at endå fleire blir med på denne prosessen som de har starta.

Vi inviterer folk frå landbruksdepartementet, leiinga i dyrehelsetilsynet og frå ein del brukarorganisasjonar.

Alle er sjølvsagt hjarteleg velkomne. Det blir ope møte og det vil også bli annonsert i Sau og Geit. Men det er særleg veterinærane vi vil få saman denne gongen.

Tidlegare har vi hatt regionvise samlingar av prosjektdeltakarar. Dersom dette seminaret går bra, må vi vurdere om vi seinare tek sikte på å samle dykk alle. Men dette må vi koma tilbake til. Men de som kan, er som sagt hjarteleg velkomne også no. Gje då beskjed til meg slik at vi veit kor mange som kjem.

Elles går prosjektet etter planen. Tre nye buskapar snappar i år. Dei to største buskapane er slakta, og der ventar vi på kjeing av dei snappa kjea frå i fjor. Fem buskapar er i gang med snapping andre året. Der er det spennande å sjå korleis det går med stell og kjeing på tre stader i ei periode før dei gamle geitene kan slaktast. Men så langt har alt gått bra.

Eg vil til slutt ynskje lukke til vidare med arbeidet.

Programmet for seminaret i februar ligg på internett:

<http://leine.no/htg/seminar.htm>

Der vil eg leggja inn nye opplysningar når noko dukkar opp.

Eg vil oppmode dykk på nytt om å sende inn bidrag til Saneringsnytt. Det ville vera fint dersom dette etter kvart kunne bli ein tovegskommunikasjon.

Beste helsing Nils